

EIGARSKAPSMELDING

(oppdatert Februar 2025)



Vedteke av kommunestyret (Dato og saksnummer)

INNHALD

Innleiing	s.	3
Viktige prinsipp for kommunen sitt eigarskap	s.	4
Selskapsformer og samarbeidsformer	s.	5
1. kommunale føretak (KF)		
2. interkommunalt politisk råd		
3. kommunalt oppgåvefellesskap		
4. vertskommunesamarbeid		
5. interkommunale selskap (IKS)		
6. aksjeselskap (AS)		
7. samvirkeføretak (SA)		
8. stiftingar		
9. foreining		
10. anna		
Oversyn over samarbeidsordningar som ikkje er heimla i kommunelova	s.	12
Åseral kommunen sin eigarstrategi for nokon utvalde selskap/samarbeid	s.	13

INNLEIING

Kommunelova § 26 pålegg kommunane å vedta ei eigarskapsmelding kvar valperiode.

Meldinga skal innehalda kommunens prinsipp for eigarstyring og oversyn over selskap og anna organisering av kommunal verksemd utover den vanlege etatmodellen. Meldinga skal òg angje føremålet med dei ulike verksemdene og samarbeida.

Når kommunen etablerer, eller blir medeigar i eit selskap, så gjer kommunen det for å oppnå noko.

Følgjande motiv er vanlege for kommunane:

- *Finansielt motivert eigarskap:*

Selskap der motivet er økonomisk utbytte av innskoten kapital og sterk avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko.

- *Effektivisering av tenesteproduksjonen:*

Selskap der motivet er auka kvantitet og betre kvalitet på tenesteproduksjon for særskilte område. Typisk døme her er interkommunale selskap (IKS).

- *Samfunnsøkonomi og regional posisjonering:*

Selskap der motivet er å posisjonere kommunen og regionen. Slike selskap kan også medføre nasjonale satsingar og utløyse statlege verkemiddel og nasjonale prioriteringar.

- *Lokal kulturpolitikk og utvikling av lokalsamfunnet:*

Selskap der motivet ikkje er økonomisk, men meir av lokalpolitisk eller kulturell interesse, til dømes gode oppvekstvilkår for born og ungdom.

- *Skape eit sterkt fagmiljø og/eller ei ønska avstand mellom forvaltninga og det aktuelle saksområde:*

Barnevern kan vera eit døme.

Kommunen er i dag engasjert i fleire heileigde kommunale selskap der berre Åseral kommune er eigar. Dette krev éin måte å utøve eigarskapet på. Dessutan har kommunen eigarinteresser i andre selskap saman med andre kommune eller saman med private selskap. Dette inneber andre måtar å tenkje på. Innflytelse over selskapa er også lågare til mindre eigardel ein har.

Kommunestyret må alltid vurdere følgjande moment:

- Kva handlingsrom treng vi for politisk styring? Kva handlingsrom får vi ved val av akkurat denne selskapsforma?
- Får kommunestyret reell styring gjennom representasjonsmodellar?
- Kva økonomisk ansvar får vi?
- Risikovurdering, økonomi, marknadsutsikter, miljø og samfunnssikkerheit

- Får vi den kvaliteten vi ønskjer på den kommunale tenesta? Korleis blir forholda for innbyggjarane?
- Selskapet sin økonomiske fridom, prioritering av ressursbruk
- Fleksibilitet – endring av eigarforhold/samarbeid med private
- Forhold til forvaltningslov/offentleglov
- Skatte- og avgiftsmessige forhold
- Korleis slår lova om offentleg anskaffing ut?

Meldinga bør gjera både administrasjon og politikarar medvitne om at ein òg har eit ansvar for dei selskapa som kommunen har eigarinteresser i.

VIKTIGE PRINSIPP FOR KOMMUNEN SITT EIGARSKAP

1. Det skal så langt råd vera openheit kring etablering og drift av kommunale selskap. Åseral kommune skal forvalte sitt eigarskap basert på forvaltningslova sitt prinsipp om meirinnsyn.
2. Drift av selskapa skal skje i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det er eit overordna mål at verksemda ikkje skal ha negativ effekt på ytre miljø.
3. Ordføraren er kommunens representant på generalforsamling i aksjeselskap kor kommunen har eigarskap. Ordføraren kan delegere til andre å møte på vegne av han. Kommunestyret kan før ei generalforsamling gjera vedtak som bind opp ordføraren si stemmegjeving på generalforsamlinga.
4. Kommunen skal leggje vekt på at selskap der kommunen har eigarskap blir sikra eit kompetent styre. Det er oppretta ei eigarskapsgruppe i kommunen med tre medlem. Ordførar, rådmann og ein som rådmannen utnemner utgjer gruppa. Ei av oppgåvene til eigarskapsgruppa er å gjera framlegg om aktuell kandidat til styreverv. Framlegget skal vera skriftleg. Det skal gå fram kva for kvalifikasjonar kandidaten har som gjer vedkomande aktuell som styrerepresentant. Dette skal gjera at val av styrerepresentantar skjer med ei tilfredsstillande demokratisk openheit samstundes som ein sikrar at det er faglege kvalifikasjonar som er grunnlaget for oppnemninga.
5. Styremedlemmer i selskap der kommunen har eigardel skal gjennomføre kurs i styrearbeid. Dette er naudsynt fordi det følgjer eit privatrechtsleg ansvar med det å vera styrerepresentant i eit aksjeselskap, òg om ein representerer kommunen. Ein legg til grunn at det aktuelle selskapet òg syter for opplæring i styrearbeid.
6. Godtgjersla til styret skal ligge på eit moderat nivå.
7. Verv som styremedlem i kommunale selskap skal rullerast.
8. Kommunen ønskjer å ha god dialog med sine selskap på ulike nivå ut over kva som følgjer av generalforsamling/representantskapet.
9. Alle kommunale selskap skal ha etiske retningslinjer.
10. Selskapa må sjølv sette mål, og legge strategiar for å nå desse, innafor rammene av kommunen si eigarstyring.
11. Kommunen kan ha ulike roller overfor det enkelte selskap, for eksempel som kunde, forvaltningsorgan eller eigar. Kommunen skal vera påpasseleg med ikkje å blande desse rollene.

12. Kommunen ønskjer å vere ein føreseieleig og tydeleg eigar. Store endringar i eigarskapsmeldinga skal difor vera gjenstand for ei grundig drøfting før vedtak blir fatta.

SELSKAPSFORMER OG SAMARBEIDSFORMER

Kommunelova regulerer kommunane si verksemd. Dette gjeld òg når ein vel å organisera verksemd utanfor ein tradisjonell «etat». Fleire organisasjonsformer er aktuelle. Føremålet med den aktuelle kommunale verksemda har då mykje å seie for kva selskapsform ein vil velje. Nedanfor blir det gjort greie for dei mest vanlege organisasjonsformene. Fleire av desse gjeld spesielt når ein finn det føremålstenleg å løyse oppgåver i samarbeid med andre kommunar. Paragraf 17 seier følgjande om interkommunalt samarbeid:

«Kommuner og fylkeskommuner kan utføre felles oppgaver gjennom et interkommunalt samarbeid.

Et interkommunalt samarbeid skal foregå gjennom et interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgavefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak, en forening eller på en annen måte som det er rettslig adgang til.»

1. kommunale føretak (KF)

Kva er eit kommunalt føretak:

Kommunale føretak (KF) er ein del av kommunen som rettssubjekt og heimla i kommunelovas kapittel 9.

Kommunestyret skal velja styre og fastsette vedtekter for føretaket.

Kommunale føretak skal registrerast i føretaksregisteret.

Når kan denne selskapsforma vere eigna?

Eit kommunalt føretak blir gjerne brukt når ein ønskjer å gi merksemd og tyngde til eit arbeid som til dagleg ikkje blir oppfatta som ei kommunal primæroppgåve, og ein meiner at

Styring og kontroll:

Eit kommunalt føretak er den selskapsforma som gjev kommunestyret mest kontroll om ein først vel å organisera ein del av kommunen si verksemd utanfor etatmodellen.

I vedtektene kan det fastsettast at vedtak gjort av føretaket i einskiltsaker må godkjennast av kommunestyret for å være bindande for kommunen.

Kommunedirektøren (rådmannen) kan instruera styret og dagleg leiar om at eit vedtak i føretaket ikkje skal settast i verk før kommunestyret har handsama saka.

Åseral kommune har ikkje kommunale føretak.

2. interkommunalt politisk råd,

Dette er ei av dei nye samarbeidsformene heimla i kommunelova § 18. To eller fleire kommunar kan saman oppretta eit interkommunalt politisk råd. Rådet kan handsama saker som går på tvers av kommune- eller fylkesgrensene. Rådet skal ha eit representantskap og ein samarbeidsavtale.

Namn på samarbeid:	Skildring:
Setesdal Interkommunalt politisk råd (IPR)	Setesdal Interkommunalt politisk råd (IPR) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle og Åseral. Rådet har tre hovudarbeidsområde - infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling. Kontorstaden er vertskommunen Valle.

3. kommunalt oppgåvefellesskap,

Kommunale oppgåvefellesskap er heimla i kommunelova § 19. Interkommunalt oppgåvefellesskap synes å vera tiltenkt noko meir omfattande samarbeid enn interkommunale politiske råd. Mellom anna skal oppgåvefellesskapet ha ein dagleg leiar som ikkje skal vera medlem av representantskapet for samarbeidet. Vedtektene kan òg gje oppgåvefellesskapet mynde til å taka opp lån og gje reglar for kva oppgåvefellesskapet skal rapportera til deltakarane om.

Namn på samarbeid:	Skildring:
Agder Sekretariat KO frå 1.11.2023	Agder Sekretariat er oppretta for å dekke sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet i kommunane Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og Hornnes, Farsund, Flekkefjord, Hægebostad, Iveland, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Mandal, Marnardal, Sirdal, Valle og Åseral. Kontrollutvalet er kommunestyrets reiskap for demokratisk innsyn og kontroll med alle sider ved kommunens verksemd.
Midt-Agder Friluftsråd, kommunalt oppgåvefellesskap (Frå 1.1.2021)	Rådet skal: • Fremme et enkelt, aktivt, allsidig og miljøvennlig friluftsliv. • Bevare natur- og kulturverdier. • Sikring og tilrettelegging av regionalt viktige friluftsområder. • Forvaltning og drift av regionale friluftsområder, turløyper og skiløyper. • Informere om og koordinere friluftsmuligheter i regionen. • Opplæring og aktivitet med basis i regionens friluftsmuligheter. • Informere og verne om allemannsretten.
VAVA (Vannassistansen i Vestre-Agder)	Interkommunal kompetansebyggande samarbeid for tilsette som arbeider med VA

4. vertskommunesamarbeid,

Vertskommunesamarbeid er heimla i kapittel 20 og er den samarbeidsforma som liknar mest på vertskommunesamarbeid heimla i § 28 før revisjonen av lova.

Det blir no skilt mellom administrativt vertskommunesamarbeid og vertskommunesamarbeid med felles folkevalt nemnd. Det skal vedtakast ein samarbeidsavtale.

Namn på samarbeid:	Skildring:
Interkommunal arbeidsgiverkontroll Vestre Agder	Skattebetalingsloven § 5-13 pålegger skatteoppkreveren (kjemnerkontoret) å føre kontroll med at arbeidsgivere og andre som etter denne loven har plikt til å foreta trekk, sender meldinger og foretar forskuddstrekk og utleggstrekk i samsvar med reglene og de pålegg som er gitt.
Barneverntjeneste	Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Åseral deltek. Vennesla er vertskommune.
Felles legevaktjeneste	Hægebostad, Lyngdal (den delen som blir utgjort av gamle Audnedal) og Åseral deltek. Åseral er vertskommune.
Kommuneoverlege	Farsund, Hægebostad og Åseral deltek. Åseral er vertskommune.
Mankalk (Frå 1.1.2021)	Mankalk er eit administrativt vertskommunesamarbeid heimla i Kommunelovas § 20-2 mellom kommunane Evje og Hornnes, Lindesnes og Åseral. Lindesnes er vertskommune. Oppgåva er å organisera og administrera arbeidet med kalking av Mandalselva. Åseral kommune skal betale 8% av dei kommunale kostnadene (Staten betaler storparten av kalkingsutgiftene)
NAV Midt-Agder	Arbeids- og velferdsforvaltningen (NAV) består av både kommunale og statlige tjenester. Partnerskapet mellom kommune og stat er et av hovedgrepene i NAV-reformen, som skal gi brukerne én dør inn til de offentlige velferdstjenestene. Den kommunale delen av NAV Midt Agder blir utgjort av kommunane Bygland, Bykle, Iveland, Valle, Vennesla og Åseral. Vennesla er vertskommune.
Pedagogisk, psykologisk tjeneste PPT	Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Åseral deltek. Vennesla er vertskommune.
Vannområdekoordinator	Agder fylkeskommune samt følgende kommuner samarbeider om en stilling som vannområdekoordinator for Mandal-Audna og Lygna og Sira-Kvina; Kristiansand, Lindesnes, Åseral, Valle, Hægebostad, Farsund, Sirdal,

	Kvinesdal, Flekkefjord og Lyngdal. Lyngdal er vertskommune. (Kommunelova kap. 20)
--	---

5. interkommunalt selskap IKS,

Denne selskapsforma er heimla i lov om interkommunale selskap.

Åseral kommune er per 1.8.2020 deltakar i følgjande interkommunale selskap: (Fleire av selskapa har fylkesnamnet «Vest-Agder» i namnet. Namna vil difor truleg bli endra)

Namn på selskap:	Tal styremedlem av total	Eigardel i %	Skildring
Arkivsenter Sør IKS	0/5	1,3	Arkivsenter Sør er eigd av fylkeskommunen og kommunane. Selskapet skal arbeide for at verdifullt kommunalt og fylkeskommunalt arkivmateriale blir tatt vare på og gjort tilgjengelig for offentlig bruk, forskning og andre administrative og kulturelle formål.
Brannvesenet Sør IKS	1/10	3,43	Brannvesenet Sør IKS er et interkommunalt selskap som omfattar brannvesenet i 6 kommunar i Agder fylke: Farsund, Hægebostad, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Åseral
Etablerersenteret Agder IKS	1/7	0,54	førstelinetjeneste for etablerere, • Mobilisere til gründerskap Næringsfaglig vurdering, Kompetanseheving og koordinering av veiledere i kommunene, grunderkurs med videre
DDV IKS	0/6	6	Det Digitale Vestre Agder (DDV IKS), er et interkommunalt IKT-samarbeid som eies av seks kommuner i Vestre Agder; Flekkefjord , Farsund , Kvinesdal , Hægebostad , Lindesnes , og Åseral .
Hægebostad og Åseral Renovasjonsselskap-HÅR IKS	2/5	50	Interkommunalt renovasjonsselskap for kommunane Hægebostad og Åseral med administrasjonen på Torsland
Konsesjonskraft IKS	0/7	3,13	Målet er å sørge for at konsesjonskrafta blir omsett i marknaden og prissikra i samsvar med den fastsette risikostrategien.
OFA IKS	0/5	2	Selskapet ble stiftet 24. mai 2023. Samarbeidet Offentlig fellesinnkjøp på Agder (OFA) var tidligere organisert som et «§ 27-samarbeid». Innkjøpssentralen Offentlig Fellesinnkjøp på Agder (OFA) er et organ for felles innkjøpstjenester, felles inngåelse av rammeavtaler for varer og tjenester, og organ for veiledning og rådgivning hos de deltakende parter og for leverandørutvikling.
Sørlandet kommunerevisjon IKS	0/5	1	Revisjon /kontroll med kommunane sine økonomiske disponeringar
Vest-Agder Museet IKS	0/8	1	Vest-Agder-museet IKS er Sørlandets største museum, eigd av dei 15 kommunane i gamle Vest-Agder og fylkeskommunen.

Kva er eit IKS?

Med interkommunalt selskap er det meint eit selskap kor alle deltakarane er kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap. Lova gjeld likevel ikkje for selskap kor samtlege deltakarar har eit avgrensa ansvar for selskapet sine plikter. Lova heimlar at interkommunale selskap er eigne rettssubjekt som både rettsleg og økonomisk er skilt frå deltakarkommunane. Selskapet har sin eigen formue, sine eigne inntekter og svarer sjølv for sine plikter.

Når kan denne selskapsforma vere eigna?

Lovpålagde oppgåver og tenester der det kan vere rekningsssvarande og strategisk å løyse oppgåvene i fellesskap, er døme på verksemdar som egner seg for denne selskapsforma. Tilsvarande gjeld regionale utviklingsoppgåver, prosjekt og anlegg.

Styring og kontroll:

Selskapet sitt øvste mynde ligg hos representantskapet. Representantskapet er eigarane sitt organ der eigarmynde vert utøvd. Eit særtrekk ved interkommunale selskap er at kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for ein viss prosent eller ein brøkdel av selskapet sine samla plikter. Gjennom selskapsavtalen kan ansvaret avgrensast, men samla skal deltakarane sine ansvarsdelar utgjere selskapet sine samla plikter. Av lov om interkommunale selskap § 18 følgjer det at selskap der deltakande kommunar betaler tilskot, er selskapet sitt budsjett ikkje endeleg før deltakarkommunane sine budsjett er behandla.

6. aksjeselskap AS

Denne selskapsforma er heimla i lov om aksjeselskap.

Åseral kommune er per (dato) eigar i følgjande aksjeselskap:

SELSKAP	Tal styremedlem av total	Prosent av aksjekapital
Verd Investering AS	0/9	0,16 sjekk
Aktiv Åseral AS	3/3	100
Det Norske Teateret LL	0/7	0,02
Kommunekraft AS	0/2	1 *
Lindesnesregionen Næringshage AS	1/7	1,14
Setesdal Informasjon og kompetansesenter AS	0/6	2,4
Visit Sørlandet AS	0/7	0,64
Å Energi AS	0/12 sjekk	1,02 sjekk
Åseral Næringshus AS	1/3	35

*éin aksje

Kva er eit aksjeselskap (AS)?

Eit aksjeselskap er regulert i aksjelova. Selskapet er eit eige rettssubjekt. Det viktigaste trekket ved eit AS som selskapsform er at aksjeeigarane ikkje er ansvarlege for selskapet sine plikter anna enn for innskoten kapital. Aksjekapitalen i eit AS må (p.t.) vere på minimum

kr 30.000,-. Eit aksjeselskap som ikkje er i stand til å fylle sine plikter kan takast under konkursbehandling.

Når kan denne selskapsforma vere eigna?

Eit AS er eit sjølvstendig rettssubjekt og kan ha ein eller fleire deltakarar. Eit AS kan difor vere tenleg dersom ein ønskjer ulike grupper av eigarar eller leggje til rette for at fleire kan vere eigarar. Innrettinga av selskapsforma bygger på den risiko som slik konkurranse-eksponert verksemd inneber. Selskapsforma eignar seg der kommunen ønskjer å ha eit heilt klart avgrensa økonomisk ansvar. I tillegg vert AS nytta av mange kommunar som heileigde kommunale selskap.

Styring og kontroll

Ein aksjonær har ulike rettar i eit AS alt etter kor stor del av selskapet vedkomande eig. For kommunen er det viktig at eigardelen er tilpassa kommunen sitt føremål med selskapet og i kva grad ein ynskjer å ha kontroll på aktiviteten. Aksjelova avgjer i kva grad ein kan ta ut utbytte og midlar av selskapet. Det er styret som kjem med forslag til dette som må vedtakast av generalforsamlinga i selskapet. Det kan lagast aksjonæravtale som heimlar handlingsreglar for disponering av selskapet sitt overskot. Dette vil vere bindande for styret si innstilling og generalforsamlinga sitt vedtak. Eit heileigd kommunalt aksjeselskap er enklare å styre for kommunen enn eit selskap med både offentlege og private eigarar.

7. samvirkeføretak SA)

Denne selskapsforma er heimla i lov om samvirkeføretak.

SELSKAP	Tal styremedlem av total	Prosent av aksjekapital
Biblioteksentralen SA	0/7	(samvirkeandel)

Kva er eit samvirkeføretak:

Samvirkeføretak er ei samanslutning som har til hovudformål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmane gjennom deira deltaking i verksemda som avtakarar, leverandørar eller på annan liknande måte, og der

1. avkastinga, bortsett frå ei normal forrenting av innskoten kapital, anten blir ståande i verksemda eller fordelt mellom medlemmane på grunnlag av deira andel i omsetninga med samanslutninga, og
2. ikkje nokon av medlemmane har personleg ansvar for skyldnadene til samanslutninga, udelt eller for delar som til saman utgjør dei samla skyldnadene.

Når kan samvirkeføretak vera eigna:

Samvirke har ofte blitt brukt når medlemmene kvar for seg er for små til å få naudsynt marknadsmakt. Samvirkemodellen har ofte blitt brukt når kravet til startkapital har vore lågt ettersom det ikkje er krav om innskyting av kapital ved stifting.

Styring og kontroll:

Eit samvirke er i utgangspunktet ei open medlemsforeining, og blir styrt som dette, men vedtektene kan sette sakleg grunngjevne avgrensingar.

8. stiftingar (stiftelseslova)

Denne selskapsforma er heimla i lov om stiftelse.

Følgjande stiftingar er relevante for Åseral kommune:

Namn
Sørlandets Kompetansefond
Bankdirektør Ertzeids Legat

Kva er ei stifting:

Ei stifting er ein formuesverdi som blir stilt til rådvelde for eit bestemt føremål. Føremålet kan vera av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art.

Det er i dag om lag 7600 stiftingar i Norge

Når kan stiftingar vere eigna?

Stiftingar blir som hovudsak oppretta som følgje av ønske om at ein formue, gjerne i samband med testament, skal øyremerkast til eit bestemt føremål. Som oversynet viser er Åseral deltakar i Sørlandets kompetansefond. Denne stiftinga har den 8. største stiftingkapitalen i Norge. Det vil likevel sjeldan vera aktuelt for kommunen å nytta denne forma.

Styring og kontroll

Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt. Etter at stiftinga er oppretta kan ikkje stiftaren utøva mynde over formuesverdien. Stiftingar er regulert av lov om stiftingar (stiftelsesloven).

9. foreining FLI

Kva er ei foreining:

Organisasjonsforma foreining omfattar både lag og ideelle organisasjonar.

Ei foreining må ha minst to medlem. En foreining må ha eit føremål og eit et styre.

Medlemmene skal ikkje ha økonomiske fordelar av medlemskapet, så som utbytte eller overskot.

Ei foreining kan ha tilsette.

Når kan foreiningar vere eigna?

Så snart «eit samarbeid» får økonomisk omfang, til dømes gjennom innbetaling av kontingent, slik at det er naturleg å ha ein bankkonto, er det naudsynt å registrera eg slik at ein får eit organisasjonsnummer.

Foreiningar lag og ideelle organisasjonar kan registrera seg i frivilligregisteret, og motta "grasrotandel".

Styring og kontroll

Alle medlemmer må ha stemmerett på årsmøte og deltar soleis i felles avgjerder for organisasjonen.

10. andre føretaksmodellar etter særlov som det er rettsleg høve til

Dei mest aktuelle føretaksmodellane etter særlov for kommunane, utanom dei som er nemnd ovafor, er truleg sparebankar og burettslag.

Åseral kommune har ikkje eigarskap i føretak som er heimla i særlov.

OVERSYN OVER SAMARBEIDSORDNINGAR SOM IKKJE ER HEIMLA I KOMMUNELOVA

Under følgjar eit oversyn over samarbeid av noko omfang som Åseral kommune er deltakar i som ikkje er heimla i kommunelova.

STATUS PER 1.10.2023

NAMN PÅ SAMARBEIDET	Skildring, kva og kven
Vestre Agder Interkommunalt utval mot akuttforureining	Samarbeidet mot akutt forureining blir administrert av Brannvesenet Sør IKS og omfattar Flekkefjord og Sirdal kommunar i tillegg til dei 9 eigarkommunane.
Arbeidsutval for kommunal viltforvaltning	Utvalet har til formål å fremja og samordna den kommunale viltforvaltninga i V-Agder. Fylket er delt inn i fem sonar som kvar har éin representant i utvalet.
Eiken og Marnardal veterinærrområde	Audnedal, Hægebostad, Marnardal og Åseral er eit veterinærdistrikt og samarbeider om administrasjon av vaktordninga.
Fleirbruksplan for Mandalsvassdraget	Fleirbruksplan for Mandalsvassdraget blei etablert i 1991 og starta med å arbeida for organisering av rettighetshavarane. Arbeid for å få i gang kalking og miljøtilpassing av manøvreringsreglement for kraftverk var andre store oppgåver.
Geodatasamarbeidet	Geodatasamarbeidet i Vest-Agder
Geovekst	Dette er eit nasjonalt samarbeid om felles etablering, forvaltning, drift og bruk av geografisk informasjon.
Interkommunalt skadefellingslag	Føremålet med laget er effektiv og trygg avliving av rovdyr når fellingsløyve er gitt. Åseral er vertskommune og syter for utbetaling av løn og godtgjersler. FMVA administrer org. av skadefelling. Avtalen er heimla i rovviltforskrifta og naturmangfaldlova.
Jordmorteneste	Samarbeide skal syte for at kommunane Hægebostad og Åseral har tilfreds-stillande jordmorteneste. Åseral er vertskommune
Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane SVR	Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvern-område blei oppretta i 2000 og omfattar kommunane Bygland, Bykle, Valle, Hægebostad, Kvinesdal, Sirdal, Åseral, Forsand, Gjesdal, Hjelmeland og Suldal. Verneområdestyret er heimla i Naturmanfaldslova § 62, 2. ledd 3. punktum. Styret har 14 representantar, 11 frå kommunane, 3 frå fylkeskommunane.

ÅSERAL KOMMUNE SIN EIGARSTRATEGI FOR NOKON UTVALTE SELSKAP OG SAMARBEID

INFORMASJON OM SELSKAPET
Agder Energi AS Besøksadresse: Kjøita 18, 4630 Kristiansand S Postadresse: Postboks 603 Lundsiden, 4606 Kristiansand S Heimeside: www.ae.no
EIGAR
Statkraft eig 45,53% av selskapet. Resterande aksjar er eigd av kommunar på Sørlandet. Åseral kommune sin del utgjør 1,02 % av aksjekapitalen.
FØREMÅL - VEDTEKTER
Produsera, distribuera og omsetta energi. Bidra til ei sikker og rasjonell energiforsyning. Utnytte liknande og lønsame forretningsmoglegheiter innan energi, kommunikasjon og infrastruktur.
VURDERING AV SELSKAPET
På grunn av eigarane sitt krav til storleik på årleg utbytte har selskapet for låg eigenkapital til å kunne vera meir offensivt i ein marknad der konsolidering på eigarsida er naturleg og auka grad av vertikalintegrering av verksemdar er ein aktuell strategi. Som eigar tappar vi altså verksemda for å saldera driftsbudsjetta.
EIGARSTRATEGI
Vår strategi er å samarbeide med dei andre kommunane på Agder slik at vi oppnår å ha ei overvekt av stemmer i saker som er avgjerande for utviklinga av selskapet. Dette gjeld politikk for utbytte, investeringar i ny energiproduksjon og integrering av nye verksemdsområde.

INFORMASJON OM SELSKAPET
Hægebostad og Åseral Renovasjonsselskap IKS Torslandsvegen, 4540 Åseral www.har-renovasjon.no
EIGAR
Åseral kommune og Hægebostad kommune 50% kvar.
FØREMÅL - VEDTEKTER
Selskapets føremål er å stå for innsamling og etablera og driva naudsynte renovasjonsanlegg for dei deltakande kommunar på en servicevennleg, miljømessig, økonomisk gunstig og fagleg forsvarleg måte.
VURDERING AV SELSKAPET
Kommunen får frå tid til anna klagar frå brukarar, særleg i hyttefelt, om ulike problem knytt til innsamlinga av avfall. Dette går på innsamlingsfrekvens, forsøpling rundt containrar fulle søppelbuer med vidare. Dette tyder på at det er rom for å gjera tiltak som kan gjera drifta betre. Tiltak må vegast opp mot kva for verknad desse vil ha på renovasjonsavgifta.
EIGARSTRATEGI
Vår strategi er å arbeida for at selskapet forserer arbeidet med å gjennomføra tiltak som kan gjera brukarane, særleg i hyttefelt, meir nøgde med tenestene.

INFORMASJON OM SELSKAPET
Aktiv Åseral AS Austrudsmonen 1, 4540 ÅSERAL
EIGAR
Åseral kommune 100 %
FØREMÅL - VEDTEKTER
Næringsverksemd i samarbeid med arbeidsmarknadsetaten for å skape arbeidsplasser for yrkeshemma og annan ledig arbeidskraft, og anna verksemd som står i naturleg samanheng med dette.
VURDERING AV SELSKAPET
Selskapet har i ei årrekke, under skiftande føresetnader makta å gje yrkeshemma arbeidstakarar eit verdifullt tilbod i tråd med målsettinga. Verksemda har samstundes klart å oppnå tilstrekkeleg inntening til at det ikkje har vore naudsynt med nokon form for ekstra driftstilskot frå kommunen. Kommunikasjonen mellom kommunen og verksemda har vore god.
EIGARSTRATEGI
Vår strategi er å kunne syte for at verksemda har eit kompetent styre. Styret må syte for at verksemda har fleksibilitet og omstillingsevne slik at målsettinga for denne typen verksemdar til ei kvar tid blir oppfylt. Det er aktuelt for kommunen å gi støtte til vidareutvikling på lik line med andre verksemdar når verksemda meiner dette er naudsynt.

INFORMASJON OM SELSKAPET
DDV Det Digitale Vestre Agder Hestehaven, 4520 Lindesnes www.ddv.no
EIGAR
Kommunane Flekkefjord, Farsund, Kvinesdal, Hægebostad, Lindesnes, Åseral.
FØREMÅL - VEDTEKTER
DDV skal ivareta dei operative oppgåvene innafor IKT-drift og brukarstøtte, stå for bestilling og forvaltning av kommunane sine IKT-løysingar og vera ein ressurs i det strategiske utviklingsarbeidet.
VURDERING AV SELSKAPET
Selskapet har vore i drift sidan 2015. Kommunikasjonen mellom kommunen og verksemda er god.
EIGARSTRATEGI
Vår strategi er følgje selskapet tett for å oppnå at vi når målsettingane om gode IKT-tenester til ein tilfredsstillande kostnad.
EIGARSTRATEGI
Vår strategi er følgje selskapet tett for å oppnå at vi når målsettingane om gode IKT-tenester til ein tilfredsstillande kostnad.

INFORMASJON OM SELSKAPET	
Brannvesenet SØR IKS Postadresse: Postboks 272 4503 Mandal Besøksadresse: Sorenskriver Friedrichsensgt. 7 4514 Mandal	
EIGAR	
Kommunane Audnedal, Farsund, Hægebostad, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Mandal, Marnardal og Åseral.	
FØREMÅL - VEDTEKTER	
Føremålet er i vidaste forstand å ivareta eigarkommunane sine behov, plikter og oppgåver vedkomande brann- og ulukkesberedskap, brannførebygging samt andre tiltak som naturleg høyrer inn under dette føremålet innanfor det til ei kvar tid gjeldande regelverk.	
VURDERING AV SELSKAPET	
Vår vurdering er at selskapet ivaretek oppgåvene som eigarane har gitt selskapet på ein god måte. Trongen for å gjera investeringar i utstyr og anlegg har vore relativt stor dei siste åra. Dette må vegast opp mot målet om å ha ein tilfredsstillande branntryggleik. Rekruttering av tilstrekkeleg personell er ei utfordring.	
EIGARSTRATEGI	
Vår strategi er å arbeida for at selskapet prioriterer å investeringar i personell og utstyr slik at Åseral kommune får ein tilfredsstillande tryggleik i høve til brann og ulukker.	